



Alver kommune



## Årsplan, Juvikstølen barnehage 2023-24



# Innhald

.....	0
1.0 Innleiing .....	3
2.0 Barnehagen si innleiing .....	3
Om barnehagen.....	3
Nøkkelinformasjon .....	3
Kontaktinformasjon til administrasjonen .....	3
Kontaktinformasjon til avdelingane .....	3
3.0 Verdigrunnlaget.....	1
3.1 Barn og barndom.....	1
3.2 Demokrati.....	1
3.3 Mangfald og gjensidig respekt .....	2
3.4 Likestilling og likeverd .....	2
3.5 Berekraftig utvikling .....	2
3.6 Livsmeistring og helse .....	3
4.0 Barnehagen sitt formål og innhald.....	4
4.1 Omsorg .....	4
4.2 Leik.....	5
4.3 Danning .....	5
4.4 Læring.....	6
4.5 Vennskap og fellesskap .....	6
4.6 Samiske barn/ fokus på samisk kultur.....	7
5.0 Barns medverknad .....	7
6.0 Samarbeid barnehage-heim.....	8
6.1 Foreldreråd og Samarbeidsutvalg .....	10
7.0 Overgangar .....	11
8.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd.....	11
8.1 Planlegging og vurdering.....	11
8.2 Dokumentasjon .....	12
8.3 Barnehagen sin digitale praksis.....	12
8.4. Satsingsområder 2023/2024 .....	13
8.4.1 Felles satsingar for kommunale barnehagar:.....	13

8.4.1.3 Språkleg kompetanse .....	15
9.0 Barnehagen sine 7 fagområde .....	16
9.1 Progresjonsplanar .....	17
9.1.1 Kommunikasjon, språk og tekst .....	17
9.1.2 Kropp, rørsle, mat og helse .....	19
9.1.3 Kunst, kultur og kreativitet.....	20
9.1.4 Natur, miljø og teknologi.....	21
9.1.5 Mengd, rom og form .....	22
9.1.6 Etikk, religion og filosofi .....	23
9.1.7 Nærmiljø og samfunn.....	25



## 1.0 Innleiing

Det er Kunnskapsdepartementet som fastset **Rammeplanen for barnehagar**. Det blei vedtatt ny *Rammeplan for barnehagar* 24. april 2017. Juvikstølen barnehage jobbar ut frå denne forskrifta, som er heimla i **Lov om barnehagar**, frå 17. juni 2005.

### Årsplanen skal:

- vere eit arbeidsverktøy for personalet
- vere ein plan for den pedagogiske verksemda
- vere eit arbeidsreiskap for dei tilsette
- vere eit informasjonsdokument for foreldre, barnehagens eigar, samarbeidsutvalet og andre

Denne årsplanen er laga av styrar, i samarbeid med pedagogiske leiarar og det øvrige personalet. Planen er til slutt godkjend av Samarbeidsutvalet i barnehagen.

## 2.0 Barnehagen si innleiing

### Om barnehagen

Juvikstølen barnehage vart bygd i 2008 og ligg i Lonsvegen 140, sentralt plassert på Juvikstølen i Knarvik. Barnehagen er omkransa av flotte turområde, Brekkeløypa og idrettsparken. Vi legg spesielt vekt på å styrke den emosjonelle og sosiale kompetansen til barnet, og jobbar for å fremme positivt samspel mellom barna, og mellom barn og vaksne.

### Nøkkelinformasjon

- Opningstid: 7.00-17.00
- Kommunal barnehage
- Avdelingsbarnehage med 6 avdelingar

### Kontaktinformasjon til administrasjonen

- Styrar Christine Teigland  
Tlf 93 07 09 83 / 56 37 51 64  
[christine.helgesen.teigland@alver.kommune.no](mailto:christine.helgesen.teigland@alver.kommune.no)
- Assisterande styrar Mari M Bleikli  
Tlf 56 37 53 94 / 98 65 79 76  
[mari.myrene.bleikli@alver.kommune.no](mailto:mari.myrene.bleikli@alver.kommune.no)

### Kontaktinformasjon til avdelingane

- Stjernehimmlen, barn 1-3 år  
Tlf 48 89 18 75
- Draumelandet, barn 1-3 år  
Tlf 48 89 18 76
- Fabelen, barn 1-3 år  
Tlf 48 89 18 78/48 89 18 79
- Utforskaren, barn 3-6 år  
Tlf 94 53 80 73/96 62 52 10
- Kunstnaren, barn 3-6 år  
Tlf 48 89 18 80
- Filosofen, barn 3-6 år  
Tlf 48 89 18 81



## 3.0 Verdigrunnlaget

### 3.1 Barn og barndom

«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.» (Rammeplan for barnehagen, 2017, s. 11)



til  
får ein

**Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd.»** (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 8)

I Juvikstølen barnehage gir vi rom for at barna har ulike forutsetningar og erfaringar med seg heimanfrå. Omsorg og trygghet er grunnleggjande for at barn skal utvikle seg. Vi skal bidra til at barna, i fellesskap med andre barn og vaksne, kan utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og ha tru på eigne evner. Dei vaksne støttar, anerkjenner og er til stades for barna slik at dei blir sett og høyrte. Dette gjer vi ved å rettleie, sette ord på og rette merksemda mot det barna gjer. Det meste vi gjer i barnehagen, gjer vi gjennom leik. Leik har ein eigenverdi som vi i personalet anerkjenner og forstår. Kvar dag har barna tilbod og moglegheit til den frie, spontane leiken hos oss. Barna skal få finne ut kva som er rett og gale, og skape mestringskjensle gjennom ulike aktivitetar i leiken. Med vaksne som er tilstades kan vi møte kvart enkelt barn der dei er, og ta vare på opplevinga saman med barnet.

### 3.2 Demokrati

**«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrte og delta. Alle barn skal kunne få oppleve demokratisk deltaking ved å bidra og medverke til innhaldet i barnehagen, uavhengig av kommunikasjonsevner og språklege ferdigheiter.»** (Rammeplan for barnehagen s. 9)

I Juvikstølen barnehage lar vi barna løyse konflikter på ein demokratisk måte ved at vi høyrer på alle partar i ein konflikt. Vi trenar på at fleire barn får vere med på å bestemme i leiken, slik at fleire stemmer vert høyrte. Det å øve seg på og balansere mellom å sette eigne behov og ønske først, og kva som er best for fellesskapet, er viktig for barnets demokratiske utvikling. Auke i mangfald og individualisering gir behov for respekt og anerkjenning for ulikheit, demokratiforståing og positive haldningar til å leve saman i fellesskap.

### 3.3 Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap.» (Rammeplan for barnehagen s. 9)

I Juvikstølen barnehage vil vi at alle barn og personale i barnehagen skal kjenne seg stolte over eigen identitet. Personalet skal ivareta språkleg og kulturelt mangfald. Barnehagen skal bruke mangfald som ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrke og følge opp barna ut i frå deira eigne kulturelle og individuelle forutsetningar. Vi vil anerkjenne ulikheiter og forskjellar, og ha eit syn på dette som noko naturleg og berikande for alle. Vi jobbar med familie og familieformer, ulike levesett og levemåtar. Gjennom arbeid med dette får barna kjennskap til ulikheitene som fins i det samfunnet vi er ein del av.



### 3.4 Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.» (Rammeplan for barnehagen, s. 10)

I Juvikstølen barnehage skal alle barna bli møtt med respekt, anerkjenning og forståing. Barna skal oppleve seg sjølv som ein viktig del av fellesskapet der dei blir sett og høyrte. Gjennom arbeid med likestilling og likeverd vil vi bidra til å førebygge diskriminering. Dette vil vi gjere blant anna gjennom personalet som gode rollemodellar og som utøver praksis der likeverd og likestilling er i fokus. Samlingsstund kan brukast som arena for samtale og refleksjon rundt blant anna likskapar og forskjellar, då kan vi skape grunnlag for å oppdage at vi er både forskjellige og ganske like på same tid. Det kan vere eit godt utgangspunkt for å skape anerkjenning og forståing for kvarandre.

### 3.5 Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.» (Rammeplan for barnehagen, s. 10)



I Juvikstølen barnehage er vi opptatt av at barn skal få positive opplevingar og bli kjend med naturen i nærområdet rundt barnehagen. Barna skal få erfare og utforske kva som fins i naturen. Barna skal gjennom samtale og refleksjon med personalet lære om korleis ein saman kan bidra til ei berekraftig

utvikling der vi tar vare på naturen, dyra, fuglane, insekta og småkrypa. Personalet skal skape rom for refleksjon rundt korleis vi skal behandle det som lever rundt oss. Barna skal få erfaringar med kva som høyrer til i naturen, og kva som ikkje høyrer til i naturen (t.d. plastavfall, glas og liknande). I Juvikstølen barnehage blir avfallet kjeldesortert og barna bidrar i kjeldesorteringa.

### 3.6 Livsmeistring og helse

**«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen.»**

(Rammeplan for barnehagen, s. 11)

I Juvikstølen barnehage skal vi legge til rette for at alle barna skal oppleve livsglede, følelse av eigenverdi, trivsel og meistring. Barn uttrykker seg i stor grad gjennom si eiga åtferd. Personalet skal vere merksame på barna sine åtferdsuttrykk. Personalet skal prøve å lese, tolke og handle i forhold til det barna uttrykker. Ved å legge til rette for at barna opplever livsmeistring og god helse, ønsker vi å bidra til at barnet utviklar god psykisk helse, evne til å regulere eigne følelsar, kunne samhandle med andre barn og vaksne på ein god måte, kunne løyse konflikter og lære å forstå usagde og sagde reglar som ligg i det å vere saman. Gjennom dette ønsker vi å skape eit godt miljø der trivsel, omsorg, meistring, likeverd og likestilling står sentralt. I arbeidet med livsmeistring og helse, vil vi motarbeide og førebygge all form for mobbing.

Personalet har ei viktig rolle for at barna skal oppleve livsmeistring og god helse. Vi er opptatt av å skape eit godt læringsmiljø for barna, der dei tør å utfalde seg, medverke og delta i fellesskapet. For å skape eit trygt læringsmiljø skal personalet legge til rette for leik, ha god struktur og klare reglar for barna. Leiken er grunnlaget for barns sosiale og emosjonelle utvikling. Det er ein viktig arena der barna får øvd seg på å vere saman, løyse konflikter og finna ut av ting med kvarandre. Personalet skal delta i leiken saman med barna der vi støttar og rettleier. Personalet skal opptre som tydelege, trygge og varme, og vi skal ha respekt og tillit til barn og andre vaksne. Personalet skal legge til rette for at barna på ein god måte kan løyse konflikter og samarbeide om å finna ut av ting med kvarandre. Personalet skal gjennom samling, samtale og rettleiing gi barna ulike strategiar for korleis ein kan løyse ein konflikt på ein god måte.





## 4.0 Barnehagen sitt formål og innhald

«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.» (Rammeplan for barnehagen, s. 19)

### 4.1 Omsorg

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik... I barnehagen skal alle barn oppleve at dei vert sett, forstått og respekterte, og få den hjelp og støtte dei har behov for.» (Rammeplan for barnehagen, s. 19)

I Juvikstølen barnehage skal barn oppleve at dei vert ivaretatt på ein omsorgsfull og varm måte. Dei skal verte møtt av lyttande og engasjerte vaksne som viser nærleik og innleving. Personalet skal dekke barna sine behov for fysisk omsorg, dei må vere trygge og sensitive og møte barna med respekt og innleving. Omsorg har ein eigenverdi og er nært knytt til tryggleik, grensesetting og helse, og pregar heile barnehagedagen i Juvikstølen.

Omsorg er ein føresetnad for barnas tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje barna moglegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barnas eigne omsorgshandlingar.



## 4.2 Leik

**«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken er ein sentral arena for utvikling og læring... Barnehagen skal inspirere til og gje rom for, ulike typar leik, både ute og inne.»** (Rammeplan for barnehage, s. 20)

I Juvikstølen barnehage ser vi på leik som barnas viktigaste verktøy for å lære, og det er ein aktivitet som opptar mykje av barna sin kvardag. Leiken skil seg frå andre aktivitetar ved at den er ein spontan, skapande prosess som er styrt av barna sjølv og som tilfredsstiller behov hjå barna. Gjennom leiken får barna tileigna seg kunnskap og dei gjer seg erfaringar. Leiken utviklar tankar og kjensler, den stimulerer språkutviklinga og den utviklar barnas sosiale kompetanse. Leiken gir barna gode meistringsopplevingar og auka sjølvkjensle. I Juvikstølen nyttar vi leiken til å bygge relasjonar mellom barna, og mellom barna og personalet. Gjennom leik lærer vi kvarandre å kjenne og skaper gode felles opplevingar. På den måten utviklar vi tillit til kvarandre og tryggleik i gruppa. Dette er i samsvar med DUÅ som det står meir om seinare i årsplanen. Leik er barnas viktigaste læringsform og vil difor vere ein arbeidsmetode i alle fagområda.

Personalet skal:

- Vere med på å sette i gang leik
- Delta i barna sin leik dersom barna ønsker det
- Hjelp barn som ikkje kjem inn i leiken slik at dei vert gode leikepartnarar
- Rettleie barna i korleis dei kan vere ein god leikekamerat
- Vise barna gode måtar å leike på/gi impulsar til leik
- Vere i nærleiken som støttespelarar
- Oppfordre barna til å samarbeide
- Vere i forkant, for å kunne forebygge konflikter
- Rettleie barna i konfliktløysing



## 4.3 Danning

**«Barnehagen skal oppmuntre barna til å vera prøvande og nysgjerrige på omverda... Barnehagane skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen.»** (Rammeplan for barnehagen, s.21)

Danning er for kvart menneske ein livslang prosess som handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og måtar å vere på. Gjennom danning vert grunnlaget for allsidig utvikling lagt. Barna skal erfare at dei er ein del av fellesskapet, og oppleve at eigne og andre sine bidrag til fellesskapet blir opplevd som noko positivt. Barna skal utvikle tryggleik på seg sjølv og eigen identitet.

Personalet skal:

- Støtte barna sin aktivitet
- Verdsette ulike behov og meiningar
- Anerkjenne og følgje opp barna sine perspektiv og haldningar
- Synleggjere mangfald og ulikskap
- Invitere barna inn i utforskande samtalar
- Gje barna opplevingar som grunnlag for utforsking og læring

#### 4.4 Læring

**«I barnehagen skal barna få oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagane skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre sin læring.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 22)

Hovudfokuset vårt i Juvikstølen barnehage er at læring skjer i størst grad når barnet er positivt stimulert – gjennom leik og kvardagsleg samspel med andre barn. Læringsmiljøet må tilpassast alderen til barna.

Målet er å:

- stimulere barna sin trang til å utvikle seg
- gjennom aktiv deltaking og undring i eit fellesskap sikrar vi at barna lærer gode lærestrategiar i eit fellesskap
- stimulere til å verte «frie menneske» i tråd med barnas utviklingsnivå i kombinasjon med læring av akademiske ferdigheiter
- legge til rette for kreativitet, leik og læring som bidrar til språkstimulering, interesse for tal og bokstavar, interesse for naturen, kulturen vår, og som utviklar barna sin sosiale kompetanse
- det enkelte barn skal få moglegheit til å knyte kontakt med andre barn på ein positiv måte, f.eks gjennom frileik, regelleik, rolleleik og situasjonar der barna hjelper til med daglege gjeremål
- vere i god dialog med barna på deira premissar



#### 4.5 Vennskap og fellesskap

**«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt**

**samspel med andre barn og vaksne. Vidare skildrar ein konkret korleis barnehagen jobbar med denne verdien.»** (Rammeplan for barnehagen, s. 22)

For oss betyr dette at vi har fokus på å utvikle sosiale ferdigheiter i eit fellesskap. For å danne vennskap og føle seg som del av eit fellesskap, må ein jobbe grundig med barna sin sosiale kompetanse. For å utvikle sosial kompetanse må ein ha fokus på:

- støtte barnas initiativ til samspill, samt bidra til at alle får leike med nokon
- barna skal oppleve vennskap og lære å behalde venner
- barna er med i samtalar der vi snakkar om normer for samhandling
- barna skal verte inviterte til å utforme normer i barnehagen, avdelinga eller i ei mindre gruppe
- barna skal støttast til å sjå ei sak frå fleire sider, og personalet skal hjelpe barna til å reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- det er også viktig at barna opplever å verte støtta når dei set eigne grenser, at dei lærer å respektere andre sine grenser og at dei vert motiverte til å finne løysingar i konfliktsituasjonar

#### 4.6 Samiske barn/ fokus på samisk kultur

**«Barnehagen skal bidra til at barna kan bli kjende med mangfaldet i sin eigen og andre sin kultur, og til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for heile det samiske mangfaldet.»** (Rammeplan for barnehagen s. 24)

I Juvikstølen barnehage synleggjer vi samisk kultur ved å markere samane sin nasjonaldag den 6. februar. Vi vil også bidra til at barna får tilgang på kunnskap. Vi viser bilde av samar med samedrakt, henger opp det samiske flagget, høyrer på språket og songar, og les eventyr.



#### 5.0 Barns medverknad

**«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.»** (Rammeplan for barnehagen s. 27)

I Juvikstølen barnehage meiner vi det er viktig at vi vaksne møter barna på ein måte som formidlar respekt og aksept, tillit og tiltru. Barna sine synspunkt skal vektleggast i samsvar med alder og modning. Vi tar utgangspunkt i barna sine eigne uttrykksmåtar. Dei yngste barna formidlar sine synspunkt ved kroppsholdning, mimikk og andre kjensleuttrykk. Det er viktig at barna vert oppmuntra til å uttrykke seg og møter anerkjenning for sine uttrykk.

Barn skal ha rett til å uttale seg, bli høyrte og sett, og bli møtt med respekt.

Barna skal kunne lytte til andre, fremme si meining, men også tole å verte sagt i mot. Barna skal erfare demokratiske avgjerder, der dei av og til får det slik dei vil, og andre gonger må godta det motsette.

Barndommen er ei livsfase med eigenverdi i likskap med andre livsfaser i mennesket sitt livsløp. Barnet påverkar sine omgivnader gjennom sin veremåte. Korleis barn opplever møte med andre, vil påverke deira oppfatning av seg sjølve.

Å ta barn sin rett til medverknad på alvor, føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet, og mellom personalet og foreldra.

Barna må møte ansvarsfulle vaksne som tar omsyn til heile gruppa.

I løpet av ein barnehagedag er det mange situasjonar der barna kan oppleve demokrati. Det gjeld for personalet å sjå og nytta desse situasjonane.

I lag med dei yngste må personalet vere våre på barna sitt nonverbale uttrykk som gester, kroppsspråk og ansiktsuttrykk. Barna skal oppleve å bli høyrte og tekne på alvor. Dei skal oppleve at dei har ei reell mogelegheit til å påverke eigen kvardag.

Det er viktig for oss at planane våre gir rom for barna sin påverknad i kvardagen. Jobbar vi med tema, lar vi barna sine initiativ legge grunnlag for det vidare arbeidet i størst mogeleg grad.

## 6.0 Samarbeid barnehage-heim

**«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og lek og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling... Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål.»**

(Rammeplan for barnehagen s. 29)

KVA	KORLEIS	KVIFOR
Invitere foreldra til å vera i barnehagen	Tilstellingar som til dømes <ul style="list-style-type: none"> <li>- Foreldrekafe (småbarnsavd)</li> <li>- Julerettening</li> <li>- Sommarfest</li> </ul>	Auke samarbeidet mellom barnehage og heim  Uformell kontakt med personalet  Fint for barnet å få foreldra på besøk i barnehagen  Foreldre kan bli kjende med kvarandre
Foreldresamtalar	Gi foreldre tilbod om samtalar 2 g pr år	Utveksle informasjon om barnet
Bringe/hente-situasjonar	Ha fokus på barnet når barnet kjem og går	Vi ønsker at kvart enkelt barn skal bli sett

Foreldremøte	<p>Invitasjon ein til to gongar pr. år</p> <p>Ulike tema som er aktuelle å ta opp</p> <p>Kanskje diskusjonsgrupper ut ifrå temaet som vert tatt opp</p>	<p>Foreldra får praktiske opplysningar om barnehagen</p> <p>Vi kan vise kva vi jobbar med</p> <p>Foreldra kan bli kjende med kvarandre</p> <p>Dei kan få medverknad på innhaldet i barnehagen</p>
Mi bok	<p>Foreldra i samarbeid med barnet fortel om familien sin, og kva barna er opptatt av, opplevingar dei har hatt osv</p>	<p>Barna kan bruke boka i barnehagen når dei vil fortelle andre om familien sin, eller når dei saknar familien sin</p>
Månadsbrev	<p>Informasjon gjennom månadsbrev frå avdelinga</p>	<p>Auke samarbeidet mellom heim og barnehage</p> <p>Informasjon om barnehagedagen</p>
Postboks i garderoben	<p>I kvar garderobe heng det ei postboks der foreldra kan kome med innspel. På boksa står også kontaktinformasjon til medlemmene i SU, slik at innspel også kan kome den vegen.</p>	<p>Kome med innspel og medverke på den måten</p>

## 6.1 Foreldreråd og Samarbeidsutvalg



«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutvalg er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal få inn saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.» (Rammeplanen s. 30)

«Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet skal få inn saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen og for forholdet til foreldra.» (Rammeplanen s. 30)

Alle foreldre i barnehagen er medlem i foreldrerådet. På foreldremøtet om hausten blir det vald foreldrerepresentantar til Samarbeidsutvalet (SU). SU er barnehagen sitt samarbeidsorgan. Det består av representantar frå foreldre, personalet og eigar/kommunen.

SU skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med og drøfte barnehagen sine ideelle grunnlag, og arbeide for å fremje kontakten mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Utvalet har rett til å uttale seg i saker som betyr noko for barnehagen sitt innhald og forhold til foreldra (t.d. budsjett, utnytting av ute- og inneareal).

**VAL:** Det skal vere like mange representantar frå foreldrerådet som det er frå personalet. Ein representant frå kommunen (barnehageeigar) og styrar sit automatisk i samarbeidsutvalet.

**FUNKSJONSTID:** Foreldrerepresentantar og representantar frå dei tilsette vert vald for eit eller to år om gongen. Det bør alltid vere nokon av representantane igjen frå året før. Funksjonstid for eigarrepresentanten vert fastsett av barnehageeigar.

**KONSTITUERING:** Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

**AVSTEMMING:** Kvar representant har ei stemme og vanleg fleirtaksvedtak gjeld. Ved stemmelikskap har SU-leiar dobbel stemme. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett.

**FORHOLD TIL BARNEHAGEEIGAR OG TILSYNSMYNDIGHEIT:** SU skal påpeike overfor barnehageeigar og melde frå til kommune eller Statsforvaltar dersom barnehagen ikkje vert driven innanfor rammer som er sett av gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og barnehagen sitt budsjett. SU i Juvikstølen barnehage ønsker å ha ei ordning der ikkje alle medlemmene blir skifta ut kvart år. Det er viktig å ha litt overlapping for å skape progresjon og framdrift. Innkallingar og referat blir også sendt til vararepresentantane, slik at dei kan halde seg orientert. Vararepresentantane har ikkje møteplikt med mindre dei må steppe inn for den dei er vara for, men dei er hjarteleg velkomne til å vere med på møta.



## 7.0 Overganger

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen... Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe...

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga...

Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.» (Rammeplanen s. 33)

For å få til gode rutinar og skape forutsigbarhet, tryggleik og trivsel for barna, er det viktig å legge til rette for gode overganger. Når det gjeld overganger internt i barnehagen frå liten til stor avdeling, har vi ein plan for tilvenning og besøk på ny avdeling på slutten av barnehageåret. Alle barnehagane i Alver kommune, både kommunale og private, nyttar ulike overgangsskjema, t.d. eit skjema for overgang frå barnehage til skule.

## 8.0 Barnehagen som pedagogisk verksemd

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnleggjande i barnehagelova og rammeplanen.» (Rammeplan for barnehagen s. 37)

### 8.1 Planlegging og vurdering

«Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.» (Rammeplan for barnehagen s. 37)

«Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen... Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i.» (Rammeplan for barnehagen s. 38)

Vurderingsarbeid som vert gjort gjennom barnehageåret er viktig for å sikre kvaliteten i barnehagen. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.

**Vurderingsarbeidet i Alver kommunale barnehagar, er delt inn i tre delar:**

#### Foreldrevurdering

Gjennom mellom anna kvardagsdialogen, samarbeidsutvalet og foreldresamtalar får vi tilbakemeldingar om arbeidet vi gjer. Dette er med på å sikre foreldra sin medverknad til verksemda.

### **Personalvurdering**

Vi planlegg, gjennomfører og evaluerer, og sikrer på den måten at vi heile tida er i utvikling. Vi legg til rette for refleksjon kring arbeidet vi gjer på avdelingane og i barnehagen, og vi nyttar rettleiing og medarbeidarsamtalar i arbeidet med personalvurdering.

### **Barna si vurdering**

Barna si vurdering er viktig i forhold til arbeidet med barna sin medverknad på eige barnehagetilbod. Vi brukar barnesamtalar og spontane samtalar for å få kjennskap til barna sin trivsel og utvikling. Med dei yngste barna tolkar vi kroppsspråk og verbale ytringar, som kan fortelle oss kva barnet ønsker og kva det trivst med å gjere.

## **8.2 Dokumentasjon**

**«Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.»** (Rammeplanen s. 39)

Dokumentasjon av livet i barnehagen skjer gjennom digitale foto, video, barns arbeid og barns fortelling. Dokumentasjonen vert nytta som refleksjonsgrunnlag for vidare arbeid og planlegging.

## **8.3 Barnehagen sin digitale praksis**

**«Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn.»** (Rammeplanen s. 44)

I Juvikstølen barnehage brukar vi digitale verktøy for å utforske språk og tekst. Barna får bruke iPad saman med vaksne. På fleire av avdelingane har vi også digitale tavler. Barna får løyse ulike oppgåver, t.d. tal, bokstavar, former, puslespel, memory, og vi søker på singlar som barna likar. Når vi jobbar med ulike tema, brukar vi digitale verktøy for å finne informasjon og kunnskap.



## 8.4. Satsingsområder 2023/2024

### 8.4.1 Felles satsingar for kommunale barnehagar:

#### 8.4.1.1 Inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS)

Alver kommune er med i eit nasjonalt prosjekt om inkluderande barnehage- og skulemiljø (IBS) med mål om å fremme eit godt læringsmiljø og førebygge mobbing. Skulane og barnehagane jobbar med tema som læringsmiljø, forebygging, avdekking og handtering av mobbing, samt regelverk, leiing og organisasjonsutvikling. Gjennom prosjektet skal barnehagane få auka kompetanse om vennskap, leik, sosial kompetanse, læringsmiljø og mobbing/krenking i barnehagen. Vårt viktigaste verktøy i dette arbeidet, er systematisk jobbing gjennom Dei Utrulege Åra (DUÅ).

#### 8.4.1.2 Dei Utrulege Åra (DUÅ)

Alver kommune har eit stort fokus på vaksenrolla i barnehagen, og å styrke barna sin sosiale kompetanse. I dette arbeidet brukar vi Dei Utrulege Åra som verktøy.

DUÅ har fokus på å styrke barn sin emosjonelle og sosiale kompetanse.

#### Kvifor er det viktig å arbeide med barn sin emosjonelle og sosiale kompetanse?

*På same måte som at eit barns kognitive kompetanse påverkar evna til å lære, vil også eit barns sosiale kompetanse og emosjonelle tryggleik påverke hans eller hennar evne til å lære.*

Programmet styrkar personalet sin kompetanse i gruppeleiing inklusive ulike proaktive læringstilnærmingar. Dette vert i stor grad gjort gjennom bevisst bruk av ros, positiv merksemd og positive leiingsstrategiar. DUÅ er blant anna med på å forebygge negativt samspel og mobbing.

Relasjonsbygging er viktig, og det blir jobba med å styrke vaksen-barn-relasjonen, samt samarbeidet mellom barnehage og heim.

DUÅ er utvikla i USA av Carolyn Webster-Stratton, og det er der gjennomført studier som dokumenterer god effekt av programmet.

Hausten 2011 starta dei kommunale barnehagane i Lindås ei kompetanseheving av personalet gjennom kursrekke om "Dei Utrulege Åra" (DUÅ).

Dei kommunale barnehagane har valt å gi alle tilsette opplæring i DUÅ sitt Skule- og barnehageprogram, som består av 6 workshops og ein del arbeid som skal gjerast/prøvast ut mellom samlingane. Alle avdelingane i Juvikstølen barnehage har fått opplæring.

DUÅ er eit av tiltaka som blir nemnt i rapport 2011:1 "Betre føre var ....: Helsefremmande og førebyggande tiltak og anbefalingar frå Folkehelseinstituttet.

## Coaching

Vi har eit spesielt fokus på coaching, som går på vaksenrolla.

*Coachingen innebærer å bruke beskrivende kommentarer for å fremheve bestemte læringsferdigheter, for eksempel det å være utholdende med hensyn til å lære noe nytt, fokusere på en aktivitet, kunne samarbeide, regulere egne følelser, og være tålmodig.*

**(Utrolige voksne i barnehage, SFO og skole. Carolyn Webster-Stratton)**


Prososial åtferd: Å oppleve glede ved å glede andre. Gjere positive handlingar for fellesskapet.

Empati: Å setja seg inn i ein annan sin situasjon og ta deira perspektiv. Til dømes å trøyste ein som er lei seg, og å kunne sette seg inn i korleis den andre parten har det i ein konfliktsituasjon.

Å læra strategiar for problemløysing: Den vaksne må støtte barna slik at dei etter kvart kan finne løysing på problemet. Møte barna med respekt og ta deira løysingsforslag på alvor, og sette ord på det som har skjedd.

Sosial coaching: Ein vaksen kan til dømes kommentere når ho/han ser at barn tar initiativ til vennleg verbal kontakt med kvarandre, hjelper ein ven, deler med andre, ventar til det blir sin tur eller brukar ord til å be om det dei vil ha.

Emosjonell coaching: Det er å sette namn på barna og andre sine kjensler når dei viser ei bestemt kjensle, til dømes stolt, modig, overraska, glad osv.



## FØRSKULEGRUPPA I JUVIKSTØLEN

Førskulebarna i Juvikstølen vil ha eit eige opplegg – **Dinosaurskulen**. Dette er eit av programma i DUÅ. Juvikstølen barnehage var så heldig å få vere den første barnehagen i Lindås som fekk starte med Dinosaurskulen hausten 2013. Formålet med prosjektet er å fremme sosiale ferdigheiter hos barn. Eit godt sosialt miljø er viktig for eit godt læringsmiljø.



Vaksne frå dei 3 store avdelingane (Filosofen, Kunstnaren og Utforskaren) og styrar Christine Teigland har ansvar for Dinosaurskulen dette barnehageåret.

På Dinosaurskulen vil vi bruke handdokker, vise små videofilmar som utgangspunkt for samtale, ulike aktivitetar, bøker og spel for å lære barna viktige vennskapsferdigheiter. Vi vil også bruke eksempel frå dagleglivet i barnehagen til å diskutere og øve på nye ferdigheiter saman med barna.

DETTE ER DET VI SKAL LÆRE:

- Å forstå reglar og kvifor vi har dei
- Å forstå og kunne snakke om egne og andre sine følelsar
- Å lære å løyse problem
- Å lære sinnemestring
- Å vere ein god venn og kunne samarbeide med andre både i barnehagen og heime



Vi vil jobbe med skuleførebuande aktivitetar som å øve opp barna sitt språklege medvit (rim, lytte ut lydar og stavingar, rytme i språket), begynnande matematikkopplæring (form, farge, storleik, lokalisering osv). Det er svært viktig at barna lærer rett blyantgrep tidleg. I tillegg er det viktig at barna vert sjølvstendige når det gjeld påkledning, toalettbesøk og å kunne halde orden i sakene sine.

Dette barnehageåret skal vi ha Dinosaurskule i Juvikstølen barnehage 2 dagar i veka, tysdag og torsdag. Kvar økt varer ca 1 time, frå kl 9.45 til 10.45.

Det er 24 førskulebarn i år, og barna blir delt inn i to grupper.

Barna vil få ulike heimeoppgåver som vi håper at de som foreldre vil hjelpe til med å få gjort.

Det er eit eige foreldremøte for førskulebarna i september. Med jamne mellomrom blir det sendt ut infoskriv til foreldre/føresette.

### **8.4.1.3 Språkleg kompetanse**


*”Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere,*

*medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.”*

(Rammeplanen kap. 3)

Forsking viser at barnet sine språklege ferdigheiter og bevisstheita om språklydar er viktig for å knekke den alfabetiske koden. Barnet må ha eit visst forråd av ord for å kunne lære å lese og skrive. Derfor er det viktig å tenke bevisst på korleis vi kan stimulere og utvikle eit godt språk hos dei aller yngste. Personalet må vere bevisst si rolle som modell og forbilde.

Korleis vi i Juvikstølen barnehage arbeider med språkleg kompetanse, kan de lese meir om under Fagområdet «Kommunikasjon, språk og tekst». Mellom anna brukar vi Dialogisk lesing, der ein jobbar i mindre grupper for å utvikle eit godt og variert ordforråd og god språkforståing. Dei vaksne har ein bevisst bruk av språket i kvardagssituasjonar og nyttar begrepscoaching. Det vil seie at ein set ord på det barna gjer og modellerer ord for barna ved å sette namn på gjenstandar og handlingar.



## 9.0 Barnehagen sine 7 fagområde

**«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen... Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda.»** (Rammeplan for barnehagen, 2017)



Rammeplan for barnehagen definerer sju fagområde for barnehagen:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Mengd, rom og form

Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt og vil sjeldan opptre åleine. I Alver sine kommunale barnehagar tenker vi tverrfagleg, både i kvardagssituasjonar og i pedagogiske opplegg. Gjennom å tenke heilskapleg, trekker vi inn dei ulike fagområda i både formelle og uformelle læringsituasjonar. Leiken er ein viktig inngang til å arbeide med dei ulike fagområda.

## 9.1 Progresjonsplanar

**«Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehage-innhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.»** (Rammeplanen s. 44)

Når det gjeld stor avdeling, 3-6 år, er progresjonsplanen delt inn i to. Mål og metoder for 3-5 år vil også gjelde for 5-6 år. Under den eldste aldersgruppa har vi berre tatt med det som er nytt.

### 9.1.1 Kommunikasjon, språk og tekst

#### HOVUDMÅL:

- **Barna skal få utforske og utvikle si språkforståing, språkkompetanse og eit mangfold av kommunikasjonsformer.**

Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metoder (kva og korleis)
1-3 år:	Barna skal oppleve eit rikt språkmiljø, både verbalt og nonverbalt	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sang, rim, regler og eventyr</li><li>• Bruke konkrete</li><li>• Språkgrupper, gjerne med aktivitetsbokser</li><li>• Mi bok, mitt hus</li><li>• Gode vaksne rollemodellar som set ord på det vi ser og gjer, gjerne med teiknstøtte</li><li>• Oppfordre barna til å bruke orda sine</li><li>• Bruke mimikk og ansiktsuttrykk bevisst</li></ul>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgtlesing i grupper - ved bruk av metodane i språkløyper, f.eks Dialogisk lesing</li> <li>• Snakkepakken</li> <li>• Coaching med beskrivande kommentarar</li> <li>• Vektlegge den spontane kvardagssamtalen med enkeltbarn, både i leik og i ulike rutinesituasjonar</li> </ul>
3-5 år:	<p>Utvikle eit variert og godt ordforråd</p> <p>Barna skal få hjelp til å bruke språket til å uttrykke kjensler og ønsker. Dei skal utvikle språk til å skape positive relasjonar i leik, og få erfaring med å løyse konflikter</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei voksne har ein bevisst bruk av språket i kvardagssituasjonar og tar seg tid til å lytte og inviterer til samtale, undring og refleksjon</li> <li>• Høgtlesing og fortelling der ein brukar Dialogisk lesing og metoder frå Språkløypa</li> <li>• Dele i mindre grupper</li> <li>• Legge til rette for rolleleik og dramatisering</li> <li>• Song, rim og regler</li> <li>• La barna få utforske språk og tekst, ha tilgjengeleg bokstavar, ord og tall</li> <li>• Ulike tema som utfordrar og utviklar begrep og språkforståing. Eks: Brannvern...</li> <li>• Barna skal bli kjent med ulike språk og kommunikasjonsformer</li> <li>• Spele spel</li> <li>• Coaching:  <i>Akademiske ferdigheter</i> (talrekka frå 1-10, mengde 1-6, farger, preposisjonar, adjektiv)  <i>Emosjonelle ferdigheter</i> (glad, lei seg, trist, roleg, sint) (stolt, tålmodig, fornøgd, roe seg ned)  <i>Sosiale ferdigheter</i> (dele, spørre fint, halde seg rolig, bytte, vente på tur)</li> </ul>
5-6 år:	<p>Oppmode til å lytte ut lydar og rytme i språket og bli fortruleg med symbol som tall, siffer og bokstavar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Coaching:  <i>Akademiske ferdigheter</i> (talrekka frå 1-20 og mengde 1-10)  <i>Emosjonelle ferdigheter</i> (frustrert, oppgitt, ivrig)  <i>Sosiale ferdigheter</i> (tilby hjelp)</li> <li>• Dinosauerskolen</li> <li>• La barna få utforske språk og tekst ved bruk av digitale verktøy</li> <li>• Sette av tid til barnesamtalar med dei eldste, og dei mellomste ved behov,</li> </ul>

		t.d. før foreldresamtalar. Aktuelt tema kan vere vennskap/trivsel.
--	--	--

## 9.1.2 Kropp, rørsle, mat og helse

HOVUDMÅL:		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>1- 3 år: Gjennom leik skal barna oppleve bevegelsesglede og meistring</b></li> <li>• <b>3- 6 år: Tilby eit fysisk miljø som utfordrar og utviklar grov- og finmotorikken til barna</b></li> </ul>		
Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metodar (kva og korleis)
1-3 år:	<p>Barna skal oppleve utfordringar, glede og meistring</p> <p>Barna skal ha tilbod om eit sunt og variert kosthald</p> <p>Byrjande forståing for hygiene</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Musikk, dans og sang</li> <li>• Bruke «Puterommet»</li> <li>• Bruke heile uteområdet</li> <li>• Gå på tur i ulendt terreng i barnehagen sitt nærmiljø</li> <li>• Vaske hender</li> <li>• Få tilbod om sunn og variert kost</li> <li>• Finmotoriske aktivitetar (teikne, pusle, perle med store perler, duplo)</li> <li>• Kvilestund for dei som ikkje søv</li> <li>• Oppleve matkultur frå andre land som er representert på avd</li> </ul>
3-5 år:	<p>Kropp: Lære barna å sette grenser for eigen kropp. Lære seg å seie <b>nei</b> og <b>stopp</b>, og respektere andre når dei seier nei og stopp. Lære barna kva som er private delar på kroppen og øve på å seie <b>nei</b>. Gi beskjed til ein trygg vaksen når nokon går over grensene.</p> <p>Helse: Legge til rette for allsidige grov- og finmotoriske aktivitetar inne og ute. Minimum ein time fysisk aktivitet kvar dag</p> <p>Hygiene: Lære å vaske hendene på ein god måte</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kropp:</b> Dei vaksne coachar i leik og naturlege situasjonar som oppstår gjennom dagen. Bruk av DUÅ sine coaching strategiar. Samtale i grupper, bruke litteratur om kroppen. Øve på å seie <b>nei</b> og <b>stopp</b>. Rollespele ulike situasjonar som kan oppstå. Øve på korleis ein kan gi beskjed til trygge vaksne.</li> <li>Nytte aktivitetar som bidrar til finmotorisk utvikling; teikning, klipping, perling, påkledning, pusling</li> <li>• <b>Helse og hygiene:</b> Ha faste tur dagar. Ta barna med i storeskogen i utetida. Utnytte bevegelsesmiljøet i skog og mark utanfor barnehagen. Delta i leik og regelleik i utetida</li> <li>• Dei vaksne følger barna ved handvask, snakkar om viktigeita av god handhygiene</li> </ul>
5-6 år:	Kropp: Barna skal lære at vi er ulike og at vi har ulike grenser som skal respekterast.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kropp:</b> Bruke Dinosauruskulen sitt tema «Gode og vonde hemmeligheter».</li> </ul>

	<p>Helse: Barna skal erfare motoriske utfordringar og kunne kjenne på eigne grenser og vurdere risiko</p> <p>Hygiene: Barna skal få erfaring med matlaging og kvifor hygiene er viktig når ein lagar mat, men også kvifor hygiene er viktig i dagleglivet</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse og hygiene: Legge til rette for risikoleik innanfor trygge rammer. La barna klatre i bergveggar og i tre. Oppfordre til å balansere på stokkar og steinar ute på tur. Gå på glattisen om vinteren. Faste tur dagar og lengre destinasjonar</li> <li>• Tilbereding av enkel mat. Lære dei viktigheita av god hygiene for å redusere smitte og sjukdom</li> </ul>
--	---	--

### 9.1.3 Kunst, kultur og kreativitet

#### HOVUDMÅL:

- **Legge til rette for at barna kan uttrykke seg gjennom musikk og skapande verksemd**

Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metodar (kva og korleis)
1-3 år:	<p>Gi barna opplevingar som inspirerer til å bruke eigen kreativitet</p> <p>Få erfaring med ulikt materiale</p> <p>Barna skal få erfare eventyr formidla på ulikt vis</p> <p>Opplive sang og musikk</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Maling. Bruke ulike maleteknikkar</li> <li>• Bruke naturmateriale, ull m.m.</li> <li>• Modellkitt</li> <li>• Klipping og liming</li> <li>• Bruke konkreter</li> <li>• Dramatisere</li> <li>• Digitale verktøy (f.eks sjå eventyr på interaktiv tavle)</li> <li>• Musikkksamling</li> <li>• Bruke rytmeinstrument</li> <li>• Dans</li> </ul>
3-5 år:	<p>Opplive bøker og eventyr formidla på ulikt vis</p> <p>Bruke fantasien og kreativiteten med naturmateriale</p> <p>Inspirere til skaperglede i ulike miljø</p> <p>Opplive å gå i djupna på enkelte bøker</p> <p>Legge til rette for rolleleik</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samle naturmateriale og nytta i formingsaktivitetar</li> <li>• Klipp og lim</li> <li>• Inspirerande miljø</li> <li>• Sørge for at barna har tilgang på bøker, bilde og tøy til utkledding</li> <li>• Synge med barna, lære nye songar og rim og regler</li> <li>• Bruke instrument</li> <li>• Bruke litteratur for å legge til rette for kreativ leik</li> <li>• Materiale tilgjengeleg for barna og oppmoda til å utforske og fremme kreativitet</li> </ul>
5-6 år:	Utvikle rolleleiken vidare	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke ulike leiketema i rolleleiken</li> <li>Kva fenger barna?</li> </ul>

- Dramatisering

### 9.1.4 Natur, miljø og teknologi

#### HOVUDMÅL:

- **Legge til rette for at barna skal nytta alle sansar gjennom opplevingar i naturen. Dei vaksne skal stimulere til nysgjerrighet, undring og utforskarlyst.**

Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metodar (kva og korleis)
1-3 år:	<p>Barna skal oppleve glede og mestring ved å ferdast i naturen</p> <p>Barna skal bli kjende med enkelte fuglar, dyr, småkryp og blomster som vi finn i nærområdet til barnehagen</p> <p>Bli kjent med dei ulike årstidene</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei vaksne undrer seg saman med barna</li> <li>• Bruke heile uteområdet i barnehagen</li> <li>• Utforske dyr og insekt i og rundt barnehagen</li> <li>• Bruke digitale verktøy for å finne ut meir om dyr og insekt</li> <li>• Uteleik kvar dag</li> <li>• Naturbingo</li> <li>• Følge natur og dyreliv gjennom årstidene</li> </ul>
3-5 år:	<p><b>Miljø og friluftsliv:</b> Barna skal få gode opplevingar og god kjennskap til naturen og miljøet omkring og få grunnleggande innsikt i korleis vind og vatn påverkar miljøet kring oss.</p> <p><b>Flora og fauna:</b> Gjere barna merksame på mangfaldet av artsrikdom rundt oss Arbeide med artslære</p> <p><b>Leik, undring og utforsking:</b> Opplive naturen som arena for leik Kombinere natur og friluftsliv med undring og utforsking</p> <p><b>Teknologi:</b> Nytte teknologi og verktøy for å utforske og bruke naturen</p>	<p><b>Miljø og friluftsliv:</b> Nytte miljøet rundt oss til ulike årstider og i ulikt vør og gjere barna merksame på endringar og forskjellar, td på dei faste turdagane</p> <p><b>Flora og fauna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vaksne som coachar barna i nyfiken tilnærming til omgivnader. Lære om og kunne kjenne igjen nokre av artane i nærmiljøet året rundt. Nytte oppslagsverk og internett</li> <li>• Vaksne som inspirerer og oppfordrar til ulik leik i naturen Variere turområda Gjere bruk av naturmaterialer i leiken. Vaksne som undrar seg saman med barna</li> <li>• <b>Teknologi:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brenne bål</li> <li>• Bruke teknologi på tur, - som smarttelefon, f.eks. søke opp</li> </ul> </li> </ul>

	Utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna	fuglelydar eller finne ut kva blomster heiter <ul style="list-style-type: none"> <li>Nytte det utstyret vi har til å eksperimentere og filosofere over ulike fenomen i naturen</li> </ul>
5-6 år:	<p><b>Miljø og friluftsliv:</b> Lære barna om miljøvern og viktigheten av å ta vare på naturen.</p> <p><b>Flora og fauna:</b> Gi barna grunnleggande kunnskap om den gjensidige avhengigheten til ulike artar i naturen</p> <p><b>Leik, undring og utforsking:</b> Gi barna kunnskap om syklusar i naturen</p> <p><b>Teknologi:</b> Utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna</p>	<p><b>Miljø og friluftsliv :</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Lære å ha respekt for dyr og vekster i naturen. Snakke med barna om kva vi kan gjere for å ta vare på naturen rundt oss. La barna delta i kildesortering</li> </ul> <p><b>Flora og fauna:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vise og snakke om enkle næringskjeder, økosystem og kretsløp</li> </ul> <p><b>Leik, undring og utforsking:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Vaksne som undrar seg og reflekterer saman med barna over mennesket og naturen sin livssyklus</li> </ul> <p><b>Teknologi:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Lære å bruke ulikt verktøy som til dømes sag, hammar og kniv</li> <li>Bruke naturpermen og annan litteratur</li> </ul>
1-6 år	<p><b>Trafikk:</b> Barna skal få erfaring med og forståing for trafikk</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bruke trafikkreglane når vi er på tur</li> <li>Barna skal erfare og sjå samspel i trafikken.</li> <li>Kunne krysse vegen både med og utan gangfelt.</li> <li>Gå langs vegen både med og utan fortau.</li> <li>Undre seg over trafikkskilt ein møter på tur.</li> <li>Refleksdagen i oktober</li> </ul>

### 9.1.5 Mengd, rom og form

#### HOVUDMÅL

- Gjere barna bevisste på matematikken som er rundt oss i kvardagen. Barna skal oppleve gleda ved å leike med tal og former

Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metodar (kva og korleis)
1-3 år:	Barna skal få erfaring med enkle matematiske begrep	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bruke matematiske begrep, som sirkel, trekant og firkant</li> <li>Sette ord på stor/liten, lang/kort, over/under, ved sida av...</li> </ul>



	<p>Gjere seg erfaringar med matematikk i kvardagen</p> <p>Jobbe med mengde</p> <p>Barna skal kunne orientere seg inne og ute i barnehagen</p> <p>Telle på ulike språk (f.eks samisk og på dei språka som er representerte på avd)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eventyr, sang, rim og regler som inneheld tall og telling</li> <li>• Sortere (til dømes leiker, dyr, fargar...)</li> <li>• Ulike spel, f.eks puslespel og lotto</li> <li>• Bruke digitale verktøy</li> </ul>
3-5 år:	<p>Erfaring med telling, mønster, form og farge</p> <p>Barna skal utvikle romforståing ved bruk av orienteringsbegrep</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Perle med små perler, perle etter mønster</li> <li>• Gi rikeleg tilgang på ulike typar byggemateriell, som Lego, magneter og liknande.</li> <li>• Opplive tallrekka frå 1 – 10 og ta i bruk deler av den.</li> <li>• Bruke matematiske omgrep aktivt i kvardagen</li> <li>• Bruke «Mattemeisen» på tur.</li> <li>• Spele spel med terning</li> <li>• Bruke skilt til å øve på ulike former</li> <li>• På tur: Kor er vi? Kor skal vi? Kvar er barnehagen?</li> </ul>
5-6 år:	<p>Barna skal erfare undring, leik og eksperimentering i ulike miljø</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tal og mengder i eventyr/ fortellingar</li> <li>• Opplive tallrekka frå 1-20.</li> <li>• Enkle reknestykke frå kvardagen</li> <li>• Leite etter ulike skilt på tur</li> <li>• Jobbe med veging og måling</li> <li>• LandArt</li> </ul>

### 9.1.6 Etikk, religion og filosofi

#### HOVUDMÅL:

- **Barna skal utvikle toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhørse**

Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metodar (kva og korleis)
1-3 år:	<p>Jobbe aktivt med inkludering og mangfold</p> <p>Barna skal lære å bruke ord i konfliktløsning</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Etikk: Etiske grunnreglar skal ligge i botnen for korleis vi oppfører oss mot kvarandre (Den gyldne regel). Dei vaksne kan ha små rollespel som viser aktuelle</li> </ul>

	<p>Bli kjende med dei kristne høgtidene jul og påske</p> <p>Markere store høgtider i religionar som er representert i barnehagen</p>	<p>situasjonar, og elles vere gode rollemodellar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Religion: Lære om dei store kristne høgtidene, markere advent, jul og påske. Dei største barna får besøke kyrkja til jul Vise respekt for andre religionar/trussamfunn. Bli kjent med religionar som er representert i barnegruppa. Ha god dialog med foreldra på avd</li> <li>• Filosofi: Undre oss og filosofere med barna, ikkje gi dei alle dei ferdige svara</li> <li>• Bruke MI BOK, få kjennskap til familien, kultur og styrke eigen identitet</li> </ul>
3-5 år:	<p>Barna skal inkludere kvarandre i leik. Øve på positive handlingar og ord for å forebygge mobbing</p> <p>Barna skal utvikle forståing for ulike levesett, familieformer og kulturar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Snakke om korleis vi er like og ulike</li> <li>• Solsikkeaksjonen</li> <li>• Markere FN dagen</li> <li>• Formidle juleevangeliet på enkelt vis</li> <li>• Adventssamlingar</li> <li>• Oppmode barna om å hjelpe kvarandre</li> <li>• Coaching på sosiale ferdigheter, som å oppmode til samarbeid.</li> <li>• Hjelpe å finne konstruktive løysingar i konfliktsituasjon</li> <li>• Vaksne som er gode rollemodellar og fremmer vennskap og gode handlingar</li> <li>• Bruke litteratur som viser mangfold i ulike familieformer og kulturer.</li> <li>• Temaarbeid om meg sjølv</li> </ul>
5-6 år:	<p>Barna skal få utforske og undre seg over grunnleggande spørsmål</p> <p>Legge grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vaksne som møter barnas spørsmål med undring</li> <li>• Leite etter svar, saman med barna</li> <li>• Oppmuntre barna til å ta egne avgjersler og val</li> <li>• Barna skal tilby å hjelpe kvarandre</li> </ul>

## 9.1.7 Nærmiljø og samfunn

### HOVUDMÅL:

- **Barna skal ha kjennskap til kva som fins i nærmiljøet rundt barnehagen. Barna skal kunne medverke i eigen kvardag.**

Alder:	DELMÅL (TILPASSA ALDER)	Metodar (kva og korleis)
1-3 år:	Barna skal bli kjende med nærmiljøet rundt barnehagen  Barna skal ha medverknad og medbestemming  Vi skal synleggjere barnehagen i nærmiljøet	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tur rundt barnehagen</li><li>• Besøke nærmiljøet, f.eks Brekkeløypa og Idrettsparken, barneskulen og kyrkja</li><li>• Ha tid og rom for undring over det vi finn når vi går på tur</li><li>• Vere opne for barnas innspel i kvardagen</li><li>• Juvikstølenmila, 17. mai-tog</li></ul>
3-5 år:	Barna skal bli sett, høyrte og forstått  Barna skal få erfare turar i terrenget og friluftslivets gleder  Barna skal oppleve medbestemmelse og demokrati	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeide i smågrupper</li><li>• Besøke biblioteket i Knarvik senter</li><li>• Brekkeløypa og naturområdet rundt</li><li>• Ete mat ute på turdagar</li><li>• Nytte fortau og gangfelt</li><li>• Arbeide med å sjå likskapar og ulikskapar mellom ulike kultur</li><li>• Inkludere barna i planlegging av turdagar</li><li>• Sette av tid til barnesamtalar med dei eldste, og dei mellomste ved behov.</li><li>• Bruke grillhytta</li></ul>
5-6 år:	Sikre ein god overgang mellom barnehage og skule	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjere seg kjend med uteområdet på skulen</li><li>• Gamleskulen</li><li>• Besøke sjukeheimen ved Lucia-feiring</li></ul>





Alver kommune